



Møteprotokoll for Valstyret Alver

Møtedato: 29.08.2019
Møtestad: Rådhuset Knarvik, formannskapssalen
Møtetid: 08:00 - 09:00

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle |
|-----------------------|--------------|-------------|
| Astrid Aarhus Byrknes | KRF - Lindås | Utvalsleiar |
| Øyvind Oddekalv | AP - Meland | Medlem |
| Nils Marton Aadland | H - Meland | Medlem |
| Nina Bognøy | AP - Lindås | Medlem |
| Jostein Borlaug | AP - Radøy | Medlem |
| Marit Samnøy Jøssang | KRF - Meland | Medlem |
| Nina Stabell Øvreås | FRP - Lindås | Medlem |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle |
|---------------------------|------------|-----------|
| Jon Askeland | SP - Radøy | Nestleiar |
| Kenneth Taule Murberg | H - Radøy | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Erstatter medlem |
|--------------------------|------------|------------------|
| May Britt Vågenes Gjerde | SP - Radøy | Jon Askeland |

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Tove Mette Fyllingen - sekretær

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|--------|--|
| 015/19 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 016/19 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 017/19 | Val røystestyra |
| 018/19 | Søknader om innføring i manntal |
| 019/19 | Delegering av mynde i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 |
| 020/19 | Eventuelt |
| 021/19 | Klage på manglande lister i samband med førehandsrøystinga |

015/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valstyret Alver 29.08.2019:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

VA- 015/19 Vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

016/19: Godkjenning av møteprotokoll

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Valstyret Alver 29.08.2019:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

VA- 016/19 Vedtak:

Møteprotokollen er godkjent.

017/19: Val røystestyra

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Endringar i røystestyra og varamedlemmar vert valde som dei ligg føre i saka.

Valstyret gjev programansvarleg delegert mynde til å oppnemnda medlemmer og/eller varamedlemmer til røystestyra ved behov.

Valstyret Alver 29.08.2019:

Handsaming:

Framlegg om endring:

Valmedarbeidar i Lindås krins, Edith Jørgenvik, går ut då ho er listekandidat for fylkestingsvalet.

Prgramansvarleg sitt framlegg, med endring, vart samrøystes vedtake

VA- 017/19 Vedtak:

Røystestyra og varamedlemmar, med endring, er valde som dei ligg føre i saka.

Valstyret gjev programansvarleg delegert mynde til å oppnemnda medlemmer og/eller varamedlemmer til røystestyra ved behov.

018/19: Søknader om innføring i manntal
Programansvarleg sitt framlegg til vedtak::

Søknad om innføring i manntalet i Alver kommune vert godkjend.

Valstyret Alver 29.08.2019:

Handsaming:

Søknad om innføring i manntalet i Alver kommune vert godkjend.

VA- 018/19 Vedtak:

Irene Undheim Karrer og Janne Taule Andersen er innførde i manntalet i Alver kommune.

019/19: Delegering av mynde i samband med kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Valansvarleg i kommunen får delegert mynde til:

- tolking av namn til kandidatar frå andre lister som får personrøyst
- forkasting av partilister som ikkje stiller til val
- forkasting av røystesetlar som manglar godkjent stempel

Valstyret Alver 29.08.2019:

Handsaming:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VA- 019/19 Vedtak:

Valansvarleg i kommunen får delegert mynde til:

- tolking av namn til kandidatar frå andre lister som får personrøyst
- forkasting av partilister som ikkje stiller til val
- forkasting av røystesetlar som manglar godkjent stempel

020/19: Eventuelt

Valstyret Alver 29.08.2019:

Handsaming:

Framlegg om møteplan for valstyret:

Måndag 09.09.2019 kl. 22:00 rådhuset Frekhaug

Tysdag 10.09.2019 kl. 18:00 rådhuset Frekhaug

Onsdag 11.09.2019 kl. 08:00 rådhuset Frekhaug

Framlegget vart samrøystes vedteke.

VA- 020/19 Vedtak:

Møter i valstyret:

Måndag 09.09.2019 kl. 22:00 rådhuset Frekhaug

Tysdag 10.09.2019 kl. 18:00 rådhuset Frekhaug

Onsdag 11.09.2019 kl. 08:00 rådhuset Frekhaug

021/19: Klage på manglende lister i samband med førehandsrøystinga

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Endra rutinar i samband med hendinga vert følgd opp i alle vallokala (førehands- og valtingslokale) i Alver kommune.

Valstyret Alver 29.08.2019:

Handsaming:

Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

VA- 021/19 Vedtak:

Endra rutinar i samband med hendinga vert følgd opp i alle vallokala (førehands- og valtingslokale) i Alver kommune.